

Personvernerklæring

Personvernerklæringa gjer greie for Stiftinga G-Kultur si handtering av personopplysingar i samband med søknader om tilskot frå stiftinga. Styret er ansvarleg for handtering av alle opplysingar som gjeld drifta av stiftinga.

Tilskot til prosjekt

I følgje Stiftinga G-Kultur sine retningslinjer for tilskot skal det nyttast eige søknadsskjema, som skal sendast inn elektronisk (via stiftinga si heimeside) eller med vanleg post. Søknaden skal innehalde informasjon om søkar og eventuelle samarbeidspartar, bl.a. med epost-adresse, telefonnummer og postadresse. Desse opplysingane blir berre brukt i stiftinga si interne saksbehandling, og blir ikkje offentleggjort.

Alle som får tildelt tilskot får tilsendt tildelingsbrev med vilkår for utbetaling og bruk av tilskotet. I brevet blir det presisert at informasjon om søkar, søknaden og tildelt stønad og sluttrapport m.m. er offentleg materiale, og kan brukast av stiftinga i samband med si verksemd, bl.a. gjennom presentasjon på nettsida og i pressemeldingar. Denne informasjonen omfattar berre namn på søkar og prosjekt og tildelt tilskotsbeløp, og ingen kontaktopplysingar om tilskotsmottakaren.

Ved utbetaling av tilskotet skal tilskotmottakar oppgje bankkontonummeret sitt til stiftinga. Tilskotsmottakar har sjølv ansvar for eventuell oppgaveplikt om tilskotet til skatteetaten m.m.

Utlevering av personopplysingar til tredjepart

Stiftinga G-Kultur utleverer ikkje personopplysingar til andre, med mindre det føreligg lovbestemt opplysningsplikt til offentlege myndigheiter.

Kontakt for meir informasjon

Stiftinga G-Kultur sitt arbeidsutvalg:

Knut Hovslien, styreleiar	knut.hovslien@online.no / 9719 5148
Kjell Austin, nestleiar/sekretær	kaustin@online.no / 4150 9460
Lars Ole Ørjasæter, kasserar	lars.ole.orjaseter@gmail.no / 9085 9406